

Informasjon til elveigarane.

Dei aller fleste av elvane som vart opna for fiske dette året melder om dårleg fangstresultat. Berre nokre få har tilsvarande som i fjor eller bedre.

Bildet viser at tilbakevandringa til elvane er dramatisk låg både for villaks og sjøaure. For vår del viser tellingane at tilbakevandringa hittil i år samanlikna med same tid i fjor berre er på om lag fjerdeparten både for laks og aure. Bildet vert enno verre når me veit at fjoråret berre var halvparten av 2012. Den negative bestandsutviklinga held fram med stadig større styrke. Talet på rømlingar i år er omlag det doble av fjoråret.

Tala frå fiskefella pr. 27.august i år , samanlikna med tilsvarande i fjor i () viser :

Villaks	254 (953)	Sjøaure	232 (805)	Oppdrettslaks	47 (24)
---------	-----------	---------	-----------	---------------	---------

Sidan 24.8. og fram til i dag 27.8. har det passert 33 fiskar. Det er registrert ein god del villfisk og rømlingar frå brua og nedover. Også ovanfor fella står ein del fisk som ventar på større vassføring.

I periodar med låg vassføring og høg vasstemp. vil det i ein del høylar verta oppsamling av fisk som ventar på meir vatn. Dette er heilt naturleg og det skjer også i hølane nedanfor fella. Når vassføringa aukar går fisken vidare. Me har regelmessig kontakt med fellestyret om dette og om forholda for utvandrande vinterstøingar. Det er viktig at fisken i denne situasjonen ikkje vert unødig uroa og stressa av badande eller ivrige fotografar.

Sjøfasen er kritisk og både forskning og forvaltning peikar på at den store auken av lakselus er den vesentlegaste årsaka til stor dødelighet i sjøen.

Rømingssituasjonen for oppdrettslaks har ikkje betra seg. Siste året er det minst fem kjende rømingar i våre nærrområde, den siste ved Skorpo i Kvinnherad 10. august som vert beskriven som ei betydeleg røming.

Allererde få dagar etter denne røminga vart det gjenfangst av denne størrelsen fisk i fiskefella. Me har søkt om løyve til utfiske av rømlingar som ikkje går lenger opp en sone 1 og 2.

I samband med Haugaland kraft sine utbyggingsplanar i Litledalen har elveigarlaget sine representantar saman med Etne Kommune vore i møte med utbyggjar der me gjentok våre krav om å ta omsyn til villfisken i elva.

Fisketeljaren i Håfoss fungerer og det skal monterast betre lys for å få betre registreringar.

Registrering av laget vårt i Brønnøysundregistra er enno ikkje på plass. Dette skuldast tilpassinga mellom den nye forskrifta sine krav, registra sine krav, og våre vedtekter og ønske om organisasjonsform. Det ser ut som om styret må nytta seg av fullmakta frå årsmøtet til å gjera mindre endring i vedtektene for å få registreringa på plass.

Det vert også denne hausten gjennomført gytefisketelling på same måte som tidlegare år.

Me får også i år høve til å leggja inn ein begrensa mengde rogn i genbanken. Det er viktig å ta vare på genene og kontinuiteten mellom årsklassar. Før uttak av stamfisk vil me først undersøkje kor i elva der er eit forsvarleg med eit evt. uttak. Løyve til uttak av stamfisk krev at grunneigar vert varsla. Dei som vil motsetja seg stamfiske på sin eigedom må varsla underteikna innan 15. september.

Det er i sommar meldt om nokre få tilfelle der det er fiska i elva. Dette var framandfolk som straks vart bortviste. For å hindra ulovleg fiske må kvar enkelt fiskerettshavar halda eit auga med kva som foregår.

Styret har starta arbeidet med revisjon av driftsplanen for elva slik at den er oppdatert når elva på ny vert opna for fiske. Av aktuelle tiltak må me i fiskereglane seia noko om fangstregulerande tiltak som t.d. døgnkvote, personkvote og årskvote. Ei vurdering av fordeling av fangsten mellom sonene kan også verta tema. Vidare må me meina noko om fang og slepp og gjenutsetting av hofisk. Me tek sikte på å senda framlegg til endringar i driftsplan og fiskereglar ut på høyring før årsmøtet.